



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonsulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post lars.mjos@osteroyindustri.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2011

Godkjend av årsmøtet 10.5.2012

ÅRSMØTET I 2011

Årsmøtet vart halde 28.4.2011 hjå Osterøy Entreprenør AS. Det var lagt inn synfaring for veganlegget Hauge - Lonevåg der me på humpete veg fekk køyre gjennom tunnelen for første gong. Me fekk orientering om veganlegget ved prosjektleiar Tor Arne Thorsen og byggjeleiar Kari Bremnes. Eileen AAsheim og Nils Skjerpung i Osterøy Entreprenør AS orienterte om arbeidet med Espevoll Næringsområde.

MEDLEMSMØTE

Me hadde medlemsmøte tysdag 1.11.2011 på Osterøy vidaregåande skule. Her fortalde Anna-Lisa Johannessen og Håvard Holmaas frå Institute NOR om lokal historie som grunnlag for etablering av internasjonalt merke; historier frå Borge Garveri; The very last of the very best.

Det var også innlegg ved Irene Fanebust Eknes, Osterøy vidaregåande skule, om design/handverk, Sturla Binder frå Osterøy museum om innsamling av garverihistorie og Tone Boska/Siv Støldal om desing/tekstilprosjektet "Flettverk".

Etter kaffipausen orienterte Alf Einar Holdhus, Kompetansesenteret for CNC og robot/Osterøy vidaregåande skule og Vivian Kårbø, kompetansesentral i Nordhordland, om lærlingekonkurransar, Yrkes-NM og WorldSkills.

STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte (etter årsmøtet); 30.8.11 og 10.5.12 (før årsmøtet) og har handsama 15 saker i kalenderåret 2011 og ?? saker i 2012 før årsmøtet.

Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestformann.

SAKER

Realisering av ny fv 567 mellom Hauge og Lonevåg har vore viktig sak for laget lenge. Det var ein stor dag 16.11.2011 då det var offisiell opning. Formannen, nestformannen og sekretæren var inviterte til opninga (nestformannen var forhindra frå å kunne møte) og formannen haldt ein helsingstale. Industrielaget sitt engasjement og bidraget med nesten 8 mill kr i kompensasjonsmidlar har vore viktig for realiseringa av dette prosjektet. Og me får svært mange gode tilbakemeldingar på resultatet.

Industrielaget har arbeidd for omlegging av **Kårvikskiftet** (t.d. utnytting av tunnelmassar) slik at store køyretøy til og frå Kårvika også skal kunne få nytte nyevegen Hauge – Lonevåg. Det er gledeleg at Osterøy kommune gjennomførde dette arbeidet i 2011.

Laget har arbeidd aktivt for fleire **vegutbetringar på rv 567 mellom Hosanger og Gatland**. Fylkestinget løyvde 15.3.2011 1 mill kr for 2011 til prosjektering og grunnverv for omlegging av vegen gjennom **Hosanger sentrum**. Det vart samstundes sett av 15 mill kr for 2012 og 2013 til dette prosjektet. Vedtaket inneheld ei føresetnad om at overslaget på 15 mill må kvalitetssikrast. I framlegget til byggeprogram for fylkesveg 2012 står: "Av desse midlane vert 0,57 mill overført til

prosjektet i 2012. Prosjektet er noko forsinka grunna utfordringar med reguleringsplanen. Det vert utforma detaljert byggeplan ved konsulent våren 2012 og grunnerverv/prosjektering vil starta opp."

Laget støttar opp om etableringa av **eit større næringsområde på Espevoll** på ca 550 da, www.espevoll.no. Her arbeider Osterøy kommune og tiltakshavar Osterøy Entreprenør AS godt saman. Området er teke inn i arealdelen til kommuneplanen og i 2011 har tiltakshavar saman med kommunen arbeidd med ein områdeplan. Dette har synt seg å vere ein omstendeleg prosess. I arealdelen til kommuneplanen er det stilt krav om at **infrastruktur gjennom Vesetgjelet skal vere opparbeidd** før næringsområdet kan takast i bruk. Kommunen har i 2011 arbeidd med reguleringsarbeid for vegomlegging kombinert med legging av vass- og avløpsleidningar. Prosjektet er blitt vesentleg meir omfattande enn me først hadde tenkt. Då formannskapet og heradsstyret i februar 2012 skulle ta stilling til kva traseval ein skulle arbeide vidare med, støtta Industrilaget i ein uttale rådmannen sitt framlegg om det rimelegaste alternativet til ca 110 mill kr; veg i dagen. Det vert arbeidd vidare med dette alternativet. Osterøy Industrilag arbeider aktivt saman med kommunen for å få til eit spleiselag med fylkeskommunen for gjennomføring av desse arbeida.

Arnatunnelen vil vere svært nyttig for Osterøy næringslivet, Osterøysamfunnet og for vidare utvikling av næringsliv på Osterøy. Osterøy Industrilag meiner dette vegprosjektet må realiserast snarast. Me aksepterer at dette i stor grad vil måtte skje med bompengar. Det er heller ikkje i 2011 vorte noko avklaring for dette tiltaket.

Osterøy Industrilag har vore koordinator for **CNC and Robotics Partnerships, CaRPs**. Dette var eit samarbeid mellom 11 partnerar i 5 europeiske land. Frå Norge/Osterøy deltek også Mjøs Metallvarefabrikk AS og Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule. Partnerskapen var finansiert med reisepengar frå EU/ Leonardo da Vinci-programmet, ca 1 mill kr, og med tilskott på kr 400.000 frå Hordaland fylkeskommune til koordineringsoppgåva. Siste samling var i Sverige i mai 2011 og prosjektet er fullført. Her er partnerskapen si heimeside: <http://www.rup.no/vision/vision1.aspx?hierarchyid=1161&type=5>

* Osterøy Industrilag søkte etter førebuaende møte i Warszawa våren 2011 støtte til eit **Leonardo da Vinci vidareutviklingsprosjekt** innan utvikling av undervisningsmetodar for industrirobotar og automatisering. Eit polsk institutt, ein dansk robotprodusent, 2 skular i Slovenia og Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule skulle vere partnerar. Prosjektet skulle vere 3-årig med eit budsjett på € 400.000 og 75% tilskott. Søknaden fekk ein høg poengsum, men grunna ny prioriteringspraksis frå EU-kommisjonen si side, vart det diverre avslag.

* Osterøy Industrilag søkte våren 2011 støtte til eit **Leonardo da Vinci VETPRO-prosjekt, VocTRA**, og fekk tildelt reisestønad. hausten 2011 var 6 lærarar og instruktørar frå Osterøy på 1 veke kurs i industrirobotar hjå instituttet PIAP i Warszawa i Polen.

Fleire av Industrilaget sine medlemmer er saman i eit **robotiseringsnettverk**. I mars 2011 fekk nettverket tilsegn om kr 70.000 i VRI kompetansemeklingsmidlar gjennom Innovasjon Norge for å gjennomføre ei kartlegging og førebuing av FoU-prosjekt saman med SINTEF. Dette vart fullført mot slutten av året.

Samarbeidsutvalet for Osterfjordregionen/ Høgskolen i Bergen har gjennomført eit forprosjekt med tilskott frå nye **regionale forskingsfondet for Vestlandet** (kr 200.000) til "Teknologiledelse og fagopplæring i et CNC- og robotnettverk på Vestlandet: En tverrfaglig studie av kompetanseutvikling i et regionalt utviklingsperspektiv." Dette vert no vidareført i fleire forskingsprosjekt.

Osterøy Industrilag er saman med Nordhordland Handverk og Industrilag, Kompetansesenteret for CNC og robot, Opplæringskontoret for Nordhordland og dei vidaregåande skulane i Nordhordland tilskipar av **CNC-konkurransar**. I klassen for lærlingar og yngre fagarbeidarar i Nordhordland var det Michal Poniewaz som gjekk til topps. Han vann også skulekonkurransen i yrkes-NM på Lillehammer i 2010. Michal er lærling hos K. Lerøy Metallindustri AS på Osterøy.

Laget har tidlegare gjort fleire innspel til **Skyss** med oppmoding om å opprette **ekspressbussrute** mellom Arna stasjon og Lonevåg og øver påtrykk der me kan.

Sigbjørn Reigstad i Lonevåg Beslagfabrikk AS og Leif Olav Mjelde i K Lerøy Metallindustri AS har teke initiativ til eit **nettverk mellom folk på Osterøy med personalansvar**. Det er ca 4 treff pr år på omgang mellom deltakarane. Alle bedriftene som har meldt seg som interesserte, er

medlemmer i Industrilaget. Nettverket er ei "sjølvstyrt" undergruppe under Industrilaget. Leif Olav Mjelde og Sigbjørn Reigstad er styringsgruppe.

Osterøy Industrilag er aktiv deltakar i "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formannen er aktiv medlem i arbeidsutvalet for Næringsalliansen, også attvald for 2011. M.a. hadde me utsendingar på det politiske møtet 6.9. før valet som vart send direkte på nrk Hordaland.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd**.

Industrilaget har gruppeavtale med **Ventelo for mobiltelefon- og fasttelefonenester**. 2-årsavtalen varer fram til forsommaren 2012. I 2011 har det vore store problem i Telenor sitt mobilnett som Ventelo nyttar seg av; både dårleg dekning og mange umotiverte brot. Me har drive aktivt påverknadsarbeid både overfor Ventelo og Telenor direkte, også i samarbeid med Osterøy kommune. Dette resulterte i at Telenor skifta sendar i Lonevåg utpå hausten. Situasjonen vart nokre plassar betre, medan andre plassar vart det ikkje betring eller berre kortvarig glede. Fleire medlemmer er gått ut av avtalen og nyttar no NetCom sitt nett.

På **heimesida** www.osteroyindustrilag.no, legg me ut nyhende og anna aktuell informasjon.

Me legg vekt på eit aktivt samspel med **media**. Her er nokre døme:
Bygdnytt 21.6.11 om vegprosjektet i Hosanger.
Bygdnytt 18.10.11; "Osterøy etter 2014"
Bergen Næringsråd, Samspill, nr 0511;
"Tilhenger av lokal kvalitet"
Bygdnytt 24.2.12; "Avviser ikkje meir bompengar"

Osterøy kommune har utarbeidd brosjyra "**Velkomen til Osterøy**" med m.a. omtale av næringslivet, Industrilaget og Kompetansesenteret for CNC og robot. Næringslivet/Industrilaget har støtta opp om dette tiltaket.

E-post er viktig kanalane for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 20 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy kommune er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar

i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Nye medlemmer: Bergen Container & Trailer Transport AS og LTS Aktiv AS
Utmeld/avvikla: Virkestransport AS

Industrilaget har 38 **medlemsverksemd**er med ca 750 **tilsette**.

STUDIETUR TIL KINA

Osterøy Industrilag gjennomførte 11.-21.3.2011 ein svært interessant og vellukka studietur til Kina med 18 deltakarar. Turen var lagt opp av Scandinavian Wheel AS. 2 av dagane sto den kinesiske maskinprodusenten TROOP for bedriftsbesøka. Me vitja både Beijing, Hohhot i Indre Mongolia og Shanghai. I Hohhot fekk me m.a. omvising på eit av dei største og mest moderne meieria i verda. Me fekk sjå både høgteknologisk produksjon med fokus på miljø og velordna, men svært manuelt basert og arbeidsintensiv produksjon. Me treffe mykje hyggjelege folk og har mykje å lære av kvarandre. Den 10.2.2012 skipa turnemnda til ein triveleg mimrefest.

TILLITSFOLK

Styret:

Leiar Lars Magne Bysheim, på val
Eimund Øvsthus, på val
Tor Georg Hella, på val
Kjell Lerøy, ikkje på val
Ivar Solberg, ikkje på val

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val
Rolf Hagebø, på val
Eileen Aasheim, på val

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val

Styringsutvalet for Industrikonsulent:

Willy Helgesen med Sigbjørn Reigstad som personleg vara, på val
Svein Skulstad med Jostein Jacobsen som personleg varamedlem, ikkje på val
Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre

Revisor. Norodd Helle, på val.

Valnemnd, alle på val: Trude Jacobsen (leiar), Vigdis Hellevang og Monica Solberg.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett.

Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Nærings samarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 205.000 kr for dette i 2011. I 2011 fekk Osterfjordregionen også til rådvelde via fylkeskommunen 947.000 kr til Regionalt næringsfond for Osterfjord. Industrikonsulenten har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings samarbeid 2005-2011. Industrikonsulenten fekk i 2011 ei godtgjersle frå Osterfjord Nærings samarbeid på kr 35.000 for næringsutviklingsarbeid og kr 70.000 for sekretariatsfunksjonen.